



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Rune Johan Mikkelsen, 5557 2181

Vår dato
16.10.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2018/11994 530
Dykkar referanse

Jahn Tommy Moe Midtgård
Eidavegen 456 A
5993 Ostereidet


Godkjenning av tilskot til utsiktsrydding i Lindås kommune, Jahn Tommy Midtgård

Vi syner til søknad dagsett 31. august 2018 om tilskot til utsiktsrydding langs E39 ved Ostereidet i Lindås kommune.

Fylkesmannen i Hordaland godkjenner søknad om tilskot til utsiktsrydding av omlag 16 dekar stort område langs E39 ved Ostereidet i Lindås kommune. Tilskotsprosent vert 70 % av kostnaden, inntil kr 182 700,- som tilskot. Tilskot vert gjeve med vilkår jf. saksutgreiinga.

Bakgrunn

Jahn Tommy Midtgård søker om tilskot til utsiktsrydding av eit område langs E39 ved Ostereidet, gnr. 234 bnr. 6 i Lindås kommune. Driftsområdet ligg like sør for Ostereidet og er om lag 16 dekar stort.



Kart over planlagt driftsområde i Lindås kommune.

Føremålet med prosjektet er hogst og fjerning av vegetasjon (krattskog) over ein strekning på 300 meter for å betre utsikt mot beiteområde og Osterfjorden.

Omsøkt areal for hogst og rydding består i dag av blandingsskog. Skogen og vegetasjonen tar i dag utsikta til landbruksområda langs vegen og Osterfjorden. Arealet vert etterpå godt egna for beitedyr (sau og storfe). Søkjer har plan om vedlikehald av arealet med beitedyr.

Kostnadsoverslag for tiltaket er kr 261 000,-. Søkjer ber om 70 % tilskot (kr 182 700,-). Resterande del kr 78 300,- vert eigenfinansiert av søker. Arbeidet har planlagd oppstart 1. november 2018 og avslutte innan 1. april 2020.

Søkjer har lagt ved utfyllande informasjon om området – både tekstdel, kart og foto.

Lovheimel

- *Forskrift om tilskudd til utsiktsrydding i tilknytning til landbrukets kulturlandskap, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal*
- *Retningsliner for tilskot til utsiktsrydding – Hordaland*
- *Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova)*

Vurdering

Søknaden vert vurdert med heimel forskrifter om tilskot, regionale retningsliner for tilskot og naturmangfaldlova. Føremålet med tilskotsordninga er at hogst og rydding skal betre utsikt og tilkomst til gode for både reiseliv/turisme og landbruket.

Fylkesmannen vurderer at prosjektet gir verdfull oppleveling for både landbruket og reiselivet. Tiltaket vil gjeve positive verknader i tråd med føremålet for tilskotsordninga. Reiselivet vil få betre utsyn mot landbruksområda, beitedyr, Osterfjorden og nabokommunane Osterøy og Bergen.

Tilskot skal berre gjevast om ein tek omsyn til biologisk mangfald, landskapsverdiar, kulturminneverdiar og friluftsliv. Jf. naturmangfaldlova § 7 må saka vurderast etter dei miljørettslege prinsippa §§ 8-12.

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget

Jf. www.kilden.nibio.no (16.10.18) er det ikkje registrert naturtypar eller sårbare/trua arter i eller nærliek til driftsområdet. Fylkesmannen meiner kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg med naturtypekartlegging og artsobservasjonar til å vurdere effektar av tiltaket.

§ 9 Føre var prinsippet

Jf. kunnskapsgrunnlaget meiner Fylkesmannen det ikkje er behov for å setje særskilde vilkår for det praktiske arbeidet innan driftsområdet.

§ 10 Økosystemtilnærming og samlet belastning

Fylkesmannen vil tilrå at framtidig vegetasjon vert stadeigne arter.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver

Juridisk har grunneigar ansvaret for skader på naturmiljøet. Hogst og rydding av områda vil i hovudsak skje med manuell arbeidskraft og lite bruk av tunge maskiner. Om der likevel vert køyreskadar av traktor i terrenget eller andre negative påverknader, må dette rettast opp av tiltakshavar.

§ 12 Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder

Ein søker om tilskot til bruk av manuell arbeidskraft og noko bruk av maskinar for flising av virke. Driftsopplegget vert skånsamt for terrengskader.

Etter ei samla vurdering av søknaden vil Fylkesmannen gi tilskot til prosjektet.

Vilkår

- Alt arbeid må vere utført innan 1. april 2020
- Sluttrapportering til Fylkesmannen innan 15. april 2020

Utbetaling av tilskot

Sluttrapport, rekneskap og foto må sendast kommunen innan 15. april 2020. Kommunen skal kontrollere dokumentasjonen og utført tiltak. Kommunen skal deretter sende saka til fylkesmannen for utbetaling. Søkjer kan be om delutbetaling av tilskotet på grunnlag av dokumenterte kostnadar. Minst 25 % av tilskotet vert utbetalalt etter godkjend sluttrapport og rekneskap. Om kostnaden vert lågare, vert tilskotet tilsvarende redusert.

Klage

Landbruksdirektoratet er klageinstans for part i saka eller andre med rettsleg klageinteresse. Klagefristen er tre veker. Klag sendast til Fylkesmannen i Hordaland.

Med helsing

Dirk Kohlmann
ass. landbruksdirektør

Rune Johan Mikkelsen
fylkesskogmeister

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
LINDÅS KOMMUNE Felles postmottak Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ